

Bra aktivitet, men ventar på snøen.

21.01.2013



Oddmund Soldal har imponert i sesongstarten trass i vanskelege treningstilhøve i Fjellhaugen(Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei mange skiløparane i den aktive skigruppa i idrettslaget ventar på at dei skal få gode snøforhold i anlegget i Fjellhaugen. Sist helg vart som kjent karusellrennet avlyst, men like fullt er aktiviteten og treningsiveren god. Sist torsdag møtte imponerande 22 sprekingar på barmarkstrening nede i bygda. Nokre har og gjort det godt når dei har deltatt i konkurransar utanfor kommunen.

Forrige helg deltok Oddmund Soldal i rennet Ustedalen rundt på Geilo. Det er kvalifiseringsrenn til Birkebeinarrennet og samlar såleis svært god deltaking. Derfor var det ekstra imponerande av Soldal å gå inn til 3. plass i sin klasse på svært god tid.

Same Soldal deltok sist søndag i kretsrennet Fanarennet på Sjusete i Kvam. Nok ein gang gjorde han det godt med ein flott 5. plass. Også søstrene Veslemøy og Solveig Haugland gjorde ein god innsats i den knallharde konkurransen i sine klassar. Oddmund gjekk 15 km klassisk og jentene gjekk 3 km i same stilart. Som vi tidlegare har nemnt tok Kari Bråtun ein flott 3.plass under renna same stad lørdag.

Cathrine Ø. Haugland fortel at det var flotte forhold, ja, rett og slett drømmeforhold på Sjusete i motsetnad til mange andre stader i området. Ho fortel og at løparane i Fana il. reiser til Sjusete 2 ganger i veka for å trenast så det vert verkeleg satsa!

Tekst: Thor Inge Døssland.